



Vår dato:

28.07.2023

Vår ref:

2023/11101

Dykkar dato:

Dykkar ref:


2023/4420

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Dispensasjon - Alver 58/77 - Lygren indre - oppføring av naust

Vi viser til brev frå kommunen datert 05.07.2023. Saka gjeld dispensasjon for oppføring av naust og bryggje.



### Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispesert frå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (tbl.) § 19-2 andre ledd.

Det er opplyst i oversendingsbrevet at eigedomen har arealformål LNF-spreidd. Vi kan ikkje sjå at dette er riktig. Etter det vi kan sjå ligg gnr. 58 bnr. 77 i formål LNF, og i strandsona. Det er naudsnyt med dispensasjon frå både LNF-formål og frå byggeforbodet i strandsona jf. plan og bygningslova (tbl.) § 1-8 andre ledd. I tillegg går opptrekkslunnar og brygge ut sjø og treng dispensasjon frå arealformål i sjø, som er bruk og vern av sjø. Tiltaket ligg også innanfor omsynssone for «Den indre farleia».



Sjøen i dette området er del av marint verneområde for Lurefjorden og Lindåsosane. Om nokon av tiltaka går ned til djupekvote 2 meter under sjøkartnull vil dei vere omfatta av reglane i [verneforskrifta](#).

I 100-metersbeltet langs sjø skal det alltid takast særleg omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser jf. pbl. § 1-8 fyste ledd. Strandsona skal generelt haldast open og privatisering og nedbygging skal unngåast. Forbodet i § 1-8 andre ledd skal vege tungt. Eventuelle avvik frå dette forbodet skal som hovudregel skje gjennom ordinær planlegging, ikkje som dispensasjon, jf. Ot.prp.nr 32 (2007-08)

I LNF-område skal ein ta særleg omsyn til landbruk, natur og friluftsliv. Desse areala skal vere ubygde, med unntak av bygg som er direkte knytt til gardsdrift. Det er føresegna til bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplanen. Føresegna 3.5.1 seier mellom anna: «*Føremålet er fleirbruksområde for natur, friluftsliv, ferdsle og fiske. Tiltak eller inngrep som er i konflikt med natur, friluftsliv, ferdsle eller fiske er ikkje tillate, under dette flytebrygger og kaianlegg.*

Området har friluftsinteresser, særleg i sjø, og ligg i eit område som er kartlagt som eit [viktig friluftsområde](#), som er mye brukt til padling og turar med småbåtar.

Etter det vi kan sjå er det ikkje tidlegare inngrep på dei aktuelle områda, men det er ei kai og flytebrygge i nærleiken. For å planere for naustet er det naudsnyt med ganske store terrenginngrep og det skal fyllast ut i sjø for å anleggje lunnar. Tiltaka vil både auke privatisering av området og påverke landskapet slik at det vert meir bygd. Begge deler kan påverke friluftsverdiane i område negativt. Naustet vil også bygge ned natur/grønstruktur i strandsona.

Statsforvaltaren rår ifrå dispensasjon i saka, og ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klageurdering.

Med helsing

Arve Meidell  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN